



MÍMISBRUNNR
KLIMAPARK 2469

Mimisbrunnr i jotunheimene var i norrøn mytologi kilden til kunnskap og visdom.

Mimisbrunnr Klimapark, ved foten av Galdhøpiggen i Jotunheimen, er vår tids kunnskapskilde. I serien «Vet dere nok eller hva?» deler vi Kunnskapsdråper. Abonner og les mer på www.mimisbrunnr.no

Kunnskapsdråpen

«VET DERE NOK ELLER HVA?»

7-2013

Musøyra – verdens minste tre

“Å ikkje sjå skogen for bare trær” er jo eit uttrykk som dei fleste kjenner til. Når ein står oppe på Juvfjyre, godt og vel 1800 m.o.h. så er det vel heller ikkje skog ein forventar å sjå. Men ifølge den verdiskjende svenske vitskapsmannen Carl von Linné er musøyra det minste tre i verda – så skogen veks tett sjølv oppå Juvfjyre.

Musøre, Musøyra, Fjellmo: (Lat: *Salix herbacea*, Eng: Dwarf Willow, Tysk: Kraut-Weide)

Musøyra er kanskje den mest hardføre skapningen som har slått rot i den norske fjellheimen, og den er nok den planta som bidreg mest til å sette litt grønfarge på Juvfjyre. Musøyra er ein liten krypande busk i vierfamilien som har det meste av stamme og greinsystemet sitt nede under jorda. Det aller meste av planta er såleis godt beskytta under jorda gjennom vinteren, men den treng bare eit par veker etter snøsmelting før lauvverket igjen bretter seg ut på overflata. Den er såleis særslig nøy sam og taklar godt det kalde og tøffe klimaet i høgfjellet. Musøyra er og kjent for å bli kalla ”verdens minste tre”. Den dannar tette matter, og kan bli svært gammal. Det offisielle norske namnet på planta viser til blada som liknar øyro til mus når dei faldar seg ut, men kjært barn har mange namn, så lokalt finnes det ulike variantar. Musøyra er også ei særslig beiteplante for både ville og tamme dyr. Fjellrype og lemen nyt godt av denne viktige fjellplanta, og for reinen er dette favorittkosten utover seinsommaren. Da musøyra trives best i snøleier, kan reinsdyra gå etter områder som blir snøfrie og der nye næringsrike musøyreblad stadig faldar seg ut. I tillegg er det her ofte kort veg til snøen om insektplaga skulle bli for stor.

«Kallar meg smil»



MÍMISBRUNNR i jotunheimene var i norrøn mytologi kilden til kunnskap og visdom. Mímisbrunnr Klimapark, ved foten av Galdhøpiggen i Jotunheimen, er vår tids kunnskapskilde – lett tilgjengelig for alle! Åpen for daglige guidaturer fra juni til slutten av august. Foruten de daglige guidaturene kan en bestille eget opplegg. www.mimisbrunnr.no

Unike arkeologiske funn fra isen er utstilt på Norsk Fjellmuseum i Lom. www.fjell.museum.no

Forfatter: Dag Inge Bakke, dag.inge@fjell.museum.no

Litteratur/kjelder: Trond Kristoffersen, 2007; *Det blomstrende fjellet. Vigmostad Bjørke.*

Olav H. Hauge, 1946; *Glør i oska.*

Foto: Espen Finstad

Forfattaren Olav H. Hauge fortel så vakkert om musøyra i dette diktet frå 1946:

Fjellblokka kallar dei meg òg
Musøyra heiter eg,
fjellmo for sume,
og her i høgfjellet
høyrer eg til,
ei ørliti selje
på berre ein tume
men endå eit tre,
det minste av alle,
segjer Linné.
Kulden er hard her
og vinden strid,
her kan ein kje stå
med kruna vid

og susa som askar
og almar i lid, -
ein lyt gjera seg liten
og krjupa på kne,
det er mykje å vita
at du er til
og at geiter og smale
vil knupsa din ved, -
meg leitar dei etter
mil etter mil,
sogningen
kallar meg smil.
(Olav H Hauge 1946)